
Fra: Rune Garmann
Sendt: 2. februar 2017 13:15
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Ole Jakob Aarland; Thomas Rønn-Aar
Emne: VS: Om kommunen si forvaltning av personopplysningar
Vedlegg: 161207_Lindås.docx; 170202_Personregistreringsskjema.xlsx;
170202_Rettleiingsskriv_registreringsskjema.pdf

Til rådmannen i Lindås kommune

Sak : Om kartlegging av kommunen sin bruk av personopplysningar i tenesteyting og forvaltning, og som personalansvarleg.

Eg syner til brev om registrering av kommunane sin bruk av personopplysningar, dagsett 7. desember 2016. I dette brevet ba vi om å få kome på eit leiarmøte for å gjennomgå arbeidet som kommunane må gjere. Av omsyn til det vidare arbeidet ynskte vi å få kome rundt i kommunane i løpet av januar.

Til no har vi vore i Fedje, Masfjorden og Modalen kommunar, og skal til Osterøy den 7. februar og Meland den 20. februar. Basert på attendemeldingar frå kommunane vi har vore i har vi vald å gjere nokre justeringar av registreringsskjemaet, og å lage ei ny rettleiing. Opplegget er også endra litt – vi vil heretter prøve å ha ein liten workshop på slutten av kvar samling, slik at vi alt på møtet kan få starta opp arbeidet som må gjerast i kvar kommune.

Registreringsskjemaet og rettleiinga til dette er lagt ved dette brevet. Eg vil be om at dokumenta vert vidaresende til dei i kommuneadministrasjonen som skal utføre jobben, slik at dei kan få gjort seg litt kjende med stoffet før dei kjem til møtet med oss.

Basert på røynsler frå kommunane vi har vore i, anslår vi at det er ynskjeleg å setje av minimum halvannan time til eit slikt møte. Vi vil be om at rådmannen så snart som mogleg fastset tid for møte i sin kommune og gjev oss melding om dette.

Frå vår side vil vi vere så fleksible som vi kan for å kunne stille til tidspunktet som vert sett.

På vegne av prosjektarbeidsgruppa

Venleg helsing
Rune Garmann
IKTNH
Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405

Fra: Rune Garmann
Sendt: onsdag 7. desember 2016 14.48
Til: Postmottak Lindås
Emne: Om kommunen si forvaltning av personopplysningar

I samband med eit prosjekt som IKTNH har sett i gang for å sikre at kommunen vil kunne handsame persondata i tråd med nytt lovverk, bed prosjektgruppa om kommunen sin hjelp til å kartleggje kva personopplysningar kommunen forvaltar. Eg syner til vedlagte skriv.

Venleg helsing

Rune Garmann

IKTNH

Tlf. 56 16 62 26 / 915 24 405